



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 59 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Auka kostnadsramme for prosjektet rv. 13 Ryfast og utgreiing for status i tvistesak for prosjektet E39 Eiganestunnelen

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 4. februar 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Rv. 13 Ryfast – endra kostnadsramme

Samferdselsdepartementet har i Prop. 29 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet* opplyst om kostnadsauke for prosjektet rv. 13 Ryfast, og har foreslått å auke kostnadsramma for prosjektet. Kostnadsauken kjem som ei følgje av auka arbeidsomfang knytt til fleire forhold, jf. omtale på side 5 i proposisjonen. Stortinget har ved behandlinga av proposisjonen, gjort vedtak om endra kostnadsramme for prosjektet i samsvar med departementets forslag, jf. Innst. 81 S (2021–2022) *Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet og Endringar i statsbudsjettet 2021 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet*.

Samferdselsdepartementet har i Prop. 29 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet* og varsla at det framleis er uvisse om dei endelege kostnadane, som følgje av ein tvist mellom Statens vegvesen og entreprenøren om sluttoppgeret. Tvisten er knytt til dei same forholda som omtalt i Prop. 29 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet*. Det har vore gjennomført mekling mellom Statens vegvesen og entrepre-

nøren hausten 2021, med sikte på å finne ei løysing utan rettssak. Gjennom meklinga vart det lagt fram ei skisse til forlik som begge parter er villige til å akseptere.

Forliket inneber ein ytterlegare kostnadsauke på om lag 180 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å auke kostnadsramma i samsvar med dette til 9 172 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

Ut frå ei samla vurdering av tid, kostnader, ressursar og risiko knytt til å føre saken for retten, tilrår Samferdselsdepartementet at det blir inngått forlik og at Stortinget sluttar seg til forslaget til endra kostnadsramme.

2 E39 Eiganestunnelen – status i tvistesak

Samferdselsdepartementet har i Prop. 29 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet* opplyst om kostnadsauke for prosjektet E39 Eiganestunnelen, og har foreslått å auke kostnadsramma for prosjektet. Kostnadsauken kjem som ei følgje av auka arbeidsomfang knytt til fleire forhold, jf. omtale på side 5 i proposisjonen. Stortinget har ved behandlinga av proposisjonen, gjort vedtak om endra kostnadsramme

for prosjektet i samsvar med departementets forslag, jf. Innst. 81 S (2021–2022) *Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet og Endringar i statsbudsjettet 2021 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.*

Samferdselsdepartementet har i Prop. 29 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet* og varsla at det framleis er uvisse om dei endelege kostnadane, som følgje av ein tvist mellom Statens vegvesen og entreprenøren. Tvisten er knytt til dei same forholda som omtalt i Prop. 29 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet.* Det har vore forsøkt å løyse tvisten utanfor rettsapparatet, men utan hell. Usemja vart handsama i Sør-Rogaland tingrett i juni 2021. Domen frå

tingretten gjekk i Statens vegvesen favør. Entreprenøren har anka tingrettens avgjersle. Framdrifta for vidare rettsbehandling er førebels ikkje avklart. Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til saka når det ligg føre nærare avklaringar i rettssystemet.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om auka kostnadsramme for prosjektet rv. 13 Ryfast og utgreiing for status i tvistesak for prosjektet E39 Eiganestunnelen.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om auka kostnadsramme for prosjektet rv. 13 Ryfast i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om auka kostnadsramme for prosjektet rv. 13 Ryfast

I

Fullmakter til å forplikte staten for investeringsprosjekt

Gjennomføre det tidlegare godkjende investeringsprosjektet	Innanfor ei endra kostnadsramme på
Rv. 13 Ryfast	9 172 mill. kroner

Fullmaktene gjeld òg forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår, innanfor kostnadsramma for prosjekta. Samferdselsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsrammene i seinare år.

=====

